

Kjell Sundfjord

Mongstadvegen 270

5955 LINDÅS
desember 2018

20.

Lindås kommune

Plan-og miljøutvalet

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

**Merknader til planframlegget om reguleringsplan for Fv. 57 med gang-og sykkelveg Lindås-Mongstad
PlanID 1263-201407**

Merknaden gjeld Gnr 117 Bnr 14 på Rosnes midt. Etter det vi kan sjå frå planframlegget vil vegtrasen koma nærare Bnr 14 enn det eksisterande veg er. Vi er bekymra for dei konsekvensane dette vil få med omsyn til tryggleik for oss som bur her og spesielt for barna som vil vera på besøk og som vil ferdast rundt på tomta. Vi forventar at dette i framtida blir ein veg der trafikkettleiken framleis vil vera høg og med ei fartsgrense på 80 km/t.

Vidare er vi bekymra for trafikkstøyen frå ein veg som kjem nærare huset, og med høgare fartsgrense enn det som er no.

Vi er og bekymra for at plasseringa av vegen slik den føreligg i planframlegget vil forringa verdien av eigedomen.

Vi vonar at det vert tatt omsyn til desse merknadane og at ein går inn for ein trase for vegen som som ligg lenger aust i terrenger enn det planframlegget legg opp til.

Når det gjeld tilkomst til sjø og naustmiljø (Sjøvegen) er det på Gnr 117 Bnr 14 tinglyst vegrett til denne. Viser her til innkomen merknad frå grunneigarar (Jon Arild Rosnes, Ottar Rosnes og Kai Hansen).

Med helsing

Kjell og Kjellaug Sundfjord